

From: "Harald Bredesen"
Sent: Thu, 11 Sep 2025 16:26:29 +0200
To: "Post Surnadal" <post@surnadal.kommune.no>
Cc: "Kenneth Bergstad" <kenneth.bergstad@surnadal.kommune.no>
Subject: Effektivisering og moglegheiter for innsparing i oppvekstsektoren

Innspel frå Ungdomsrådet i Surnadal

Ungdomsrådet drøfta saka omkring forslaget til effektivisering og moglegheiter for innsparing i oppvekstsektoren på sitt møte den 16.juni 2025. Dei arbeida seg fram til ein felles uttale:

Surnadal Ungdomsråd merkar seg at målgruppa for høyringa er barn og unge gjennom elevråd, ungdomsråd og foreldre gjennom FAU og SU. Vi tykkjer det er ei stor og omfattande sak å ta stilling til med bakgrunn i at vi berre kjenner saka slik vi kjenner den sjølv på kroppen og via omtale. Saksframlegget er eit omfattande dokument som det er vanskeleg å konkludere at det eine er betre eller verre enn det andre.

Likevel ønskjer vi å presisere følgjande:

I fall grendeskulane blir lagt ned vil vi oppleve det som om grendene blir tappa av livskraft og slik vil dø ut. Vi trur ikkje innsparingane blir så store som det blir lagt opp til. Ekstra buss-transport, utviding og påbygging av skulen på Øye vil ete opp mykje av innsparingane. Det vil ikkje være plass til fleire elevar på SUBUS utan omfattande påbygging. Vi opplever skulen som for liten og trong allereie. Vår konklusjon blir: Bevar dagens skulestruktur!

Hilsen eit samrøystes ungdomsråd

Uttalen er notert og nedskreven av sekretær og koordinator for Ungdomsrådet, Harald Bredesen